

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Vidar Lehmann  
Søreidtræet 22  
5251 SØREIDGREND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/851 - 20/14328

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:  
13.03.2020

## Melding om vedtak i utval for Areal, plan og miljø - Dispensasjonssøknad naust - Byggesak GBNR 234/43 Eide ytre

**Tiltak:** Dispensasjonssøknad naust  
**Byggjestad:** Gbnr: 234/43  
**Tiltakshavar:** Vidar Lehmann

Saka vart handsama av utvalet for areal, plan og miljø i møte den 11.03.20, der følgjande vedtak vart fatta:

### Utval for areal, plan og miljø tek klagen til følgje.

**Søknaden om dispensasjon i frå kommuneplanens arealdel (vedteke oktober 2019) sin § 3.4.1 –LNF områder (Landbruks-, natur og friluftsområde), § 3.5.1 generelt (Bruk og vern av sjø og vassdrag), samt plan- og bygningslova sin § 1 -8 , Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag vert godkjent.**

**Utvalet vil vise til at synfaringa viste at eit naust kan byggjast på staden på ein harmonisk måte, utan at strandsona vert særleg forringa, og at tiltaket vil byggje opp under det eksisterande naustmiljøet som ligg på begge sider av omsøkt stad. Tiltaket vil heller ikkje koma i konflikt med friluft- eller andre miljøinteresser i området.**

**Ut frå ei samla vurdering meiner APM at fordelene med omsøkt tiltak difor er klart større enn ulempene, og at det kan gjevast dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2.**

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

